



Aksjonær-trio som saman med medarbeidarane sine har gjort det utrelege ut av "ein landens butikk": Bente Nilsen, Gunn Mari Moberg og Kjersti Børve. (Foto: Ola Matti Mathisen).

SPAR Uskedalen, som no er dreve av familien Nilsen i 45 år, hadde i 2007 hadde ein omsetnad på 27 millionar etter ein auke på 7,5 prosent samanlikna med 2006. Dagleg leiar Bente Nilsen nyttar ikkje ordet "eventyrleg", men det er dekning for det. Butikken trekkjer kunder frå heile Kvinnherad og i fjor vart den kåra til Norges beste SPAR-butikk på service – av kundane.

Bente nyttar nøkternt orda "veldig bra" når ho skal karakterisera 2007-omsetnaden og opplyser at dei hadde budsjettert med ein auke på fire prosent etter 2006-noteringa på 24,7 millionar. Og det er ikkje lenger enn tre år sidan 20 millionar vart passert!

- Og kva er forklaringa på suksessen, spør uskedalen.no Bente.
- Eg har ikkje noko anna og betre hovud-forklaring enn at kundane trivs når dei handlar hos oss. Nøkkelen er med andre ord dei ansatte. Vi har ein fantastisk medarbeidarstab som er arbeidssomme, ærekyære og imøtekommande.

Det har sjølv sagt også ein positiv effekt at vi har ei respektert og landsdekkjane kjede i ryggen og at den har mykje å seia med omsyn til marknadsføringa. Men sjølv salet skjer trass i alt i butikken!

- Vareutvalet spelar vel og ei rolle?
- Jau, ikkje minst føre jul. Vi satsar sterkt på vårt eige sylteflesk og på oppskåre pinnekjøtt saman med andre julevarer som ingen andre har. Og det er ikkje minst under julehandelen at mange kjem hit frå heile kommunen. Eg må også ta med at vi har suksess med catering, som stadig aukar, seier Bente.

Ho leiar no ein stab på sju som er tilsette på full tid og i tillegg er fire skuleungdommar engasjert på deltid til å ta eit tak på kveldstid og i helgane. Bente kan ikkje få fullrost ungdommane for innsatsen, som er einestående. Ein av dei tilsette slutta og vart erstatta sist haust og no har butikken avertert etter ein ny ferskvareleiar. Søknadsfristen har enno ikkje gått ut. Staben har med andre ord ikkje vorte auka i det siste.

Men selskapet driv og i "byggebransjen". 12. desember gjekk anbudsfristen for innreing av fem leilegheiter oppå butikken ut, men det er enno ikkje teke noko avgjerd om kven som skal ha entreprisen. Målsettingja no er at

nokre av bustadane skal bli klare til sommaren og målet er framleis at dei skal leigast ut. Sal kan bli aktuelt hvis utleige ikkje slår an.

Eigentleg ligg dei eitt år etter timeplanen med dette prosjektet, men det har vore problematisk å skaffa arbeidsfolk.

- Og vi har heller ikkje stressa med prosjektet, det har ikkje vore prioritert, seier Bente.

Nilsen Handel ser det også som viktig å ta vare på den tradisjonsrike Sandakaien. Den del av kaien som vender innover vart restaurert sist sommar og i år kjem truleg turen til dei sidane som vender mot holmen og Skorpo. Restaureringa skjer både for å sikra kaien og for å gjera den meir representativ.

Av Ola Matti Mathisen



Skule-elevane blir skamrost av dagleg leiar for innsatsen på SPAR. Her er sju av dei fotografert sist sommar. Frå venstre står Jørgen Moberg, Simen Raudstein, Elisabeth Steinsvik, Jannike Myklebust, Lisbeth Stensletten, Bjørnar S. Eik og Robert Onarheim. (Foto: Ola Matti Mathisen)